

**Notat**Dato: 07.11.2018  
Arkivsak: 2017/3282-2  
Saksbehandlar: hanglop1

---

<b>Til:</b>	Utval for kultur, idrett og regional utvikling, Utval for miljø og samferdsel, Fylkesutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

**Breibanddekning i Hordaland 2018**

Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom) presenterer kvar haust ei stor dekningsundersøking over tilgang til breiband for norske husstandar og næringsbygg (inkl. offentlig sektor). Analysen byggjer på data henta inn frå leverandørane av breiband i den norske marknaden. For fast breiband vil det seia om lag 125 tilbydarar. For mobilt breiband er dekningskart frå mobiloperatørane analysert. Resultatet viser status for breibanddekninga ved utgangen av første halvår 2018. Hovudkonklusjonen er at svært mange no har tilgang til dei høgaste hastigheitene. I 2018 hadde 82 prosent av husstandane i Norge tilgang til breiband med nedstrøms hastigheit på over 100 Mbit/s.

Breibanddekninga i Hordaland har utvikla seg svært positivt dei siste fem åra. Fylket låg lenge omtrent på landsgjennomsnittet når det gjaldt breiband med høg kapasitet. I år er Hordaland inne på topp tre. Hovudårsaka til den fine utviklinga er målretting av offentlege tilskot til kommunar og område med dårleg dekning.

2014	2015	2016	2017	2018
1. Oslo – 96 %	1. Oslo – 96 %	1. Oslo – 98 %	1. Oslo – 98 %	1. Oslo – 98 %
2. Rogaland – 84%	2. Rogaland – 84%	2. Rogaland – 87%	2. Rogaland – 88%	2. Rogaland – 89%
3. Akershus – 76%	3. Akershus – 79%	3. Akershus – 86%	3. Akershus – 86%	<b>3. Hordaland – 88%</b>
<b>11. Hordaland – 63%</b>	<b>11. Hordaland – 70%</b>	<b>6. Hordaland – 78%</b>	<b>5. Hordaland – 83%</b>	
19. Sogn & Fj. – 30%	19. Sogn & Fj. – 39%	19. Sogn & Fj. – 44%	19. Sogn & Fj. – 56%	16. Sogn & Fj. – 65%

**Prosentvis del av hushald med tilbod om 100 Mbit/s nedstrøms kapasitet per fylke. Utviklinga i perioden 2017 – 2018.**

Også Sogn og Fjordane har hatt ei fin utvikling dei siste åra, men fylket er krevjande å byggja ut og ligg framleis noko etter resten av landet. Dekninga vil truleg betra seg mykje i løpet av dei komande åra, sidan Sogn og Fjordane er det fylket som kvart år får mest midlar frå Nkom.

**Breibanddekning på kommunenivå i Hordaland**

Tilbodet om breiband med høgare kapasitetar er i vekst, men det er vesentlege skilnader mellom grisgrendte og tettbygde strøk. Rundt 96 % av husstandane i tettbygde strok har tilbod om eit høgkapasitetsnett. Tilsvarande tall for spreiddbygde strøk er 37 %. Den viktigaste årsaka til denne forskjellen er at utbyggingskostnaden per bygning vanlegvis er langt høgare i grisgrendte strok.

I Hordaland har rundt 88 % av husstandane tilbod om meir enn 100 Mbit/s nedstrøms kapasitet. Tabellen under viser andel husstandar med tilbod om 100 Mbit/s og 30 Mbit/s nedstrøms kapasitet per kommune. I tillegg er det teke med tilskot frå Hordaland fylkeskommune (blå tal) og Nkom i perioden 2013 – 2018.

Samla sett er det gjeve 56,0 mill. kroner i tilskot. Av dette kjem 38,1 mill. kroner får tilskotsordninga til Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (Nkom), og 17,9 mill. kroner frå midlar som fylkeskommunen har fått frå KMD.

Kommune	100/10 Mbit/s	30/5 Mbit/s	Tilskot 2018	Tilskot 2017	Tilskot 2016	Tilskot 2015	Tilskot 2014	Tilskot 2013
Bergen	95 %	97 %						
Etne	58 %	64 %						
Sveio	72 %	78 %						2 000 000
Bømlo	94 %	95 %						
Stord	92 %	94 %						
Fitjar	74 %	77 %						
Tysnes	75 %	77 %						
Kvinnherad	87 %	89 %	3 800 000					3 200 000
Jondal	22 %	33 %						
Odda	80 %	88 %				150 000		
Ullensvang	2 %	20 %						
Eidfjord	23 %	27 %						
Ulvik	1 %	27 %						
Granvin	31 %	40 %						
Voss	64 %	74 %						
Kvam	54 %	64 %						2 900 000
Fusa	92 %	94 %						1 500 000
Samnanger	58 %	64 %		1 000 000				1 540 000
Os	87 %	92 %						
Austevoll	90 %	91 %						800 000
Sund	78 %	83 %						
Fjell	93 %	95 %						
Askøy	92 %	94 %						
Vaksdal	69 %	79 %		1 419 000				
Modalen	85 %	85 %					200 000	
Osterøy	40 %	50 %						
Meland	76 %	81 %	4 525 675				3 100 000	
Øygarden	74 %	80 %						
Radøy	94 %	95 %				4 000 000		1 000 000
Lindås	62 %	66 %			9 200 000			
Austrheim	74 %	75 %				4 000 000		1 600 000
Fedje	0 %	48 %						
Masfjorden	41 %	43 %		581 000 6 000 000		3 500 000		
<b>Hordaland</b>	<b>88 %</b>	<b>91 %</b>	<b>8 325 675</b>	<b>9 000 000</b>	<b>9 200 000</b>	<b>11 650 000</b>	<b>3 300 000</b>	<b>14 540 000</b>

Andel av husstandar med tilbod om 100 Mbit/s og 30 Mbit/s i kvar kommune (Kjelde: Nkom/ Analysys Mason)

### Målretta utbygging og god dynamikk i marknaden for breiband

Gjennom fylkeskommunen sitt samarbeid med Nkom har Hordaland dei siste fem åra fått tilført 38,1 mill. kroner frå tilskotsordninga til Nkom. Sogn og Fjordane har til samanlikning fått 112,0 millionar i nasjonale midlar i den same perioden. Når Hordaland likevel er det fylket i landet som har hatt sterkast vekst, skuldast dette målretta innretning av tilskotsmidlane, kombinert med god dynamikk i marknaden.

Eit godt døme på dette er utbygginga i Austrheim og Radøy, som i fleire år vore eit samarbeidsprosjekt mellom dei to kommunane. Her har Nkom og fylkeskommunen bidrege med høvesvis 8,0 og 2,6 mill. kroner i tilskot. I 2017 var dette det største OT-prosjektet (prosjekt med offentleg tilskot) i Noreg. Telenor, som fekk hovudentreprise i tilbodsrunderen, la inn ekstra midlar i prosjektet slik at det samla sett vart investert for nesten 50 mill. kroner i dei to kommunane. Dette har resultert i 300 km breiband med høg kapasitet til 2000 hushald. Prosjektet har skapt stort engasjement og mykje positiv omtale i lokalpressa. Neste steg som er signalisert i dette området, er ei satsing på å bli smart kommune. Dette prosjektet var også ein av dei få norske kandidatane til European Broadband Awards 2018. I skarp konkurranse med breibandprosjekt frå heile Europa nådde det ikkje opp blant dei 15 prosjekta som gjekk til finalen, men prosjektet er no registrert i «*Broadband Europe - good practice database*»:

<https://ec.europa.eu/digital-single-market/en/content/public-subsidy-ftth-radoy-austrheim-norway>

### **Vegen framover**

Breibanddekninga i Hordaland er god, men framleis er det fleire område som treng utbygging. Alle kommunane har no dekning på 10 Mbit/s eller meir, som vert rekna som grensa for «kvite område». Nokre hundretals hushald manglar framleis fullgod dekning, men fleire av dei ligg slik til at dei truleg er for kostbare å byggja ut med fiber.

Der det først og fremst trengs eit løft er i kommunar med område med dekning mellom 10-30 Mbit/s. Fleire av desse område kjem ikkje til å bli bygd ut kommersielt utan tilskot. Samstundes er dette nokre av områda som er dyrast å byggja ut, slik at behovet for tilskot framleis er høgt i Hordaland, sjølv om fylket er blant dei tre fremste i landet når det gjeld tilbodet av breiband med høg kapasitet.

Det trengs også ei styrking av kjernenettet langs Vestlandet, og frå Vestlandet til UK og kontinentet.

Meir detaljert informasjon om breibanddekning finn ein på linken:

[https://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/\\_attachment/36433?\\_ts=16610bddb12](https://www.nkom.no/aktuelt/nyheter/_attachment/36433?_ts=16610bddb12)